

4 HIMMELSK
KORREKTURLAKK

10 GODE
JULEMINNE

12 ANNE-BERIT
OG KORET

18 JUL PÅ
FORSANDHEIMEN




Preikestolen

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL,
STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN

05
2023

84. ÅRG.



INNHALD

Frå redaksjonen	2
Andakt	3
Himmelsk korrekturlakk	4
Eit barn er fødd	6
Ny kyrkjeverje i Strand	8
Gode juleminne	10
Anne-Berit og koret	12
Verdens lengste natt!	15
Min julesong	17
Jul på Forsandheimen	18
Oppslagstavla	20
Nye sokneråd	22
Slekters gang	23
Info om kyrkjekontor	26
Gudstenester	27

JULETID

Eg lurar på kva som først kjem oss i tankar når vi ser og høyrer dette ordet. Kva kjem først fram for meg? *For mykje, for mange, for øyredøvande, for masete?*

Eg kjenner også på sorg og sakn. To nære døydd rett før jul for eit par tre år sidan. Men likevel er ikkje dette ei sørgeleg og vond tid for meg. Eg veit eg er privilegert på så mange vis, så først og framst er det ei tid for takksemnd.

Eg er takksam for at eg vart fødd inn i ein kjærleg og god familie som ville meg vel. Dei var glade i meg. Eg vart fødd i eit land som ville meg vel. Eg fekk utdanning og jobb som eg likte. Eg var aldri fattig, sjølv om eg vaks opp på 1960-talet og mor var heimeverande.

Nå har tidene skifta. Adventsgleda er blitt til «julemaset» for mange. Meg også. Og det heile startar så tidleg! Vi har ikkje nådd midten av september før det er i gong. Og alt skal vere så perfekt: reingjering, førjulskos, gåver, klede, julemiddagen, ALT!

Men eit større problem enn dette er den einsemda mange opplever. Det er ikkje alltid like enkelt å sjå kven som er einsame, men kan hende hjelper det å generelt «sjå» kvarandre betre. Legge vinn på å vere der for kvarandre. Juleønsket mitt denne jula er: Måtte vi sjå kvarandre og ta vare på kvarandre. Blås i om kjøkkenet ikkje er gullreint og du ikkje har laga julekakene frå botnen av! Vi må hugse på kva vi feirar jul for. Det er ikkje barnet som kom til oss i Betlehem som krev at alt skal vere «perfekt». La oss gje meining og omtanke til kvarandre!

God jul til kvar og ein!

Marit Rødland



Adresse:

Postboks 188
4126 Jørpeland

Neste nr. kjem 24. mars.
Frist for innlevering av stoff er før redaksjonsmøtet 16. januar.

Redaksjon:

Anne Brit Hatleskog
John N. Nessa
Liv Åse Gaard
Marit Rødland
Mette Ingvaldstad
Siv Fossan
Yvonne Langeland Meltveit

Kyrkja sin kontaktperson:

Liv Åse Gaard
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Preikestolen i postkassen, kan de ta kontakt med eitt av kyrkjekontora. Sjå tlf. nr. s. 26.

Abonnementspris: Kr 300 pr år eller kr 80 pr. blad.

Bankgiro **3205.30.06158** eller
vopps-nummer **105004**

Design og trykk:

Ålgård Offset
Opplag: 7400

Framsidedfoto:

Siv Kathrine Holte





I Hebreerbrevet
kapittel 2 leser vi:

«Siden barna er av
kjøtt og blod, måtte
også han fullt ut bli
som dem. – Det er
jo ikke engler han
tar seg av.»

GLORIEN OVER KVART MENNESKE



Kunst kan gjera oss samtidige med 1200-talets menneske, tenk det! I Stavanger domkyrkje skulle taket innvendig i koret pussast. Då oppdaga arbeidarane at det under lag av kalk fanst maleri av englevesen. Når kyrkja opnar igjen neste august får vi sjå det prestane såg då dei gjorde teneste der på slutten av 1200-talet.

På dei eldste julebileta, ikonane, er tida oppheva og englar og profetar står rundt Maria og Josef og den nyfødde. Slik tenkjer eg tida også løyser seg opp kvar gang eit barn blir fødd. Vi er menneske av same slekt. Vi ser inn i eit nyfødd blikk, og barnet ser tilbake på oss med uutgrundeleg djupne.

Figurane på ikon og julekort har ofte glorie. Glorien finst over kvart menneske, fordi Gud blei fødd som ein av oss. På same måte som kalkpuss skjulte maleri av englar i domkyrkja, kan rusk og ulike lag av historie skjula vårt sanne opphav. Ber likevel glorien din med ærefrykt. Representer Jesus. Han var ikkje redd for å oppsøkja andre med Guds kjærleik. Pave Leo sa i ei julepreike på 400-talet:

«Sjå din verdi, du kristenmenneske. Lev ikkje under verdien din!»

Lyft blikket og sjå himlingen.

Julehelsing frå biskop

Anne Lise Ødnøy



HIMMELSK KORREKTURLAKK

Det snødde. Vakre, store snøflak kom fallende ned fra himmelen i glitrende, ufattelige mengder. Som hvite, nesten vektløse edelstener fra en annen verden. Som noe Gud ville pakke jorden inn i fordi den var blitt så mørk.

TEKST: MARIT RØDLAND

Antoinette satt i bilen. Hun var på parkeringsplassen utenfor dagligvarebutikken hun pleide å handle i, og hun satt der og var helt fjetret av disse hvite underne som var i ferd med å skjule alt det grå og svarte, alt det visne og døde. Alt det ekle. Og bilradioen var med på denne underlige fristunden og spilte «Det snør» av Anne Grete Preus. Den særegne, litt forsiktige stemmen til Preus fylte bilen:

«Det snør. Himmelsk korrekturlakk over feilstavet sommer. Og hør: Bylarmen forsvinner under dalende flommer. Vi har hørt at ingen snøfnugg er like, og sånne under kan en tenke på en stund.»

Og sangen fortsatte. Men Antoinette hørte ikke alt, for tårene kom. Litt forsiktig fant de sine veier nedover kinnene. Sangen var så vakker, og stunden føltes som en gave. Hun satt bare der i bilen og lot det hele være en liten, hellig stund som var ment for henne.

«Himmelsk korrekturlakk over feilstavet sommer». Og her hun satt tenkte Antoinette på seg selv og kollega Liv. Liv som hadde en tøff skilsmisse bak seg, og som i tillegg hadde blitt offer for sladder både blant kollegaene i banken og i bygda. Det var noe som ikke stemte på mange av bankens kundekontoer, og ved nærmere ettersyn ble det oppdaget at noen hadde trukket små beløp ut av dem fire ganger i året. Det var blitt kamuflert som gebyrer. Siden beløpene var så pass små var det ikke mange som reagerte. Men banken fant ut

hvilken maskin dette var gjort fra. Og det var Livs.

-Jeg vet ikke hvem som har gjort det, men det er ikke meg. Noen må ha brukt min pc, sa Liv fortvilet da sjefen kalte henne inn på kontoret sitt og konfronterte henne med funnet.

Kollegaene begynte å snakke. De fleste trodde det var Liv. Hun hadde jo en svært dårlig personlig økonomi nå etter skilsmissen. Huset hadde hun ikke råd til å kjøpe mannen ut av, og det endte med en liten leilighet som var til leie. Hun hadde virkelig behov for mer penger enn hun hadde. Så hvem andre kunne det være? Det kunne ikke være noen andre, tenkte de. De pratet mye om dette, bare ikke når Liv var i nærheten. Da ble de selvfølgelig tause.

Det viste seg ved nærmere ettersyn at det var en helt annen

som hadde gjort dette. En som ingen hadde trodd ville være i nærheten av å gjøre noe slikt, en gang. Og etter det hadde den vonde samvittigheten vært der og gnagd i Antoinette. Nå kunne hun ikke forstå at hun hadde vært med på baksnakkingen. Liv hadde hatt det vondt, og nå hadde Antoinette det også vondt. Hun følte at hun selv kunne trenge til en «himmelsk korrekturlakk over feilstavet sommer». Hun visste at hun måtte ta kontakt med Liv snart og be henne om tilgivelse for at hun i begynnelsen hadde trodd Liv kunne gjøre noe sånt som det hun var beskylt for. Men dagen og ukene hadde gått uten at hun hadde fått gjort noe med det. Æsj! Skulle tro hun var en jentunge på 15 og ikke en voksen dame på 46!

Snøen lavet fortsatt ned. Antoinette syntes hun i sitt indre så for seg at fnuggene vinket lett til henne før de la seg over alt, som et teppe. Fra hennes sted, føreriset i en seks år gammel Toyota, så det ut som at alle fnuggene var like. Men: «Ingen snøfnugg er like. Og slike under kan en tenke på en stund». Utrolig at ingen snøfnugg er like, og ingen mennesker er helt like, heller, tenkte Antoinette. Slike under kunne en tenke på ganske lenge.

Nå så Antoinette at en annen bil komme i snøværet, parkerte litt lenger borte og sjåføren lukket opp bildøren. Bilen var en gammel folkevognsboble, hadde en ubestemmelig farge i beige-området. Den måtte være

hauggammel, nesten like gammel som Metusalem! Ut steg det en dameskikkelse i sennepsgul kåpe med hette og med et rødilla skjerf rundt halsen. Det kunne ikke være noen andre i hele verden som hadde en slik kåpe og skjerf og kom ut av en folkevognsboble! Det måtte være Liv.

Antoinette skyndte seg ut av bilen og gikk etter Liv. Hun ropte på henne også, og til slutt snudde Liv seg og så det var Antoinette som kom etter.

-Er det deg, Antoinette?

-I egen høye person! svarte Antoinette. Nå løp begge to inn i butikkens varme.

Antoinette visste ikke helt hvor hun skulle begynne samtalen hun hadde sånt behov for å ta. Hun bestemte seg for å bare hoppe i det.

-Liv, hvordan går det med deg?

-Ikke så bra, for å være helt ærlig. Det å først bli vraket av ektemaken for så å føle at alle er imot deg på jobben, det er tøft. Det føltes som om jeg ble vraket av alle i hele verden...

-Jeg har hatt så dårlig samvittighet for at vi i det hele tatt kunne mistenke deg! Jeg er så lei for det, Liv! Jeg vil gjerne be deg om tilgivelse for å ha vært med på å gjøre at du følte deg mistrodd og vraket!

Liv så på henne, så at hun mente

det hun sa, og svarte:

-Her, midt i fruktdiskens fristelser? Med bananer og rådyre, ferske fiken som vitner?

Antoinette ble usikker, og Liv lo mot henne: -Selvfølgelig tilgir jeg deg! Jeg orker ikke å være bitter og hevnjerrig i tillegg til fattiglus, smilte hun. Antoinette følte gleden spre seg fra et sted i brystet og ut til hele kroppen.

-Å, tusen takk, sa hun. -Når vi har handlet ferdig de varene vi trenger har jeg veldig lyst til å spandere en kaffe eller noe på deg. Bare prate om alt og ingenting, se på snøfallet, slappe av. Hvordan ser du på det? spurte Antoinette.

-Takk, det høres deilig ut, svarte Liv. I bakgrunnen hørtes butikkmusikken. Utrolig, men det var Anne Grete Preus! De hørte begge etter:

*«I dag inntas jorden av en
himmelsk hær
Uten våpen tvinges byen i
kne. Alt går litt langsommere
her på jorden
Når hele himlen faller ned.»*

Antoinette tenkte på den himmelske korrekturlakken som ble henne til del akkurat nå.

-Det er litt som om hele Himmelen faller ned og over oss, og gir oss et strøk med himmelsk korrekturlakk, mumlet hun. Og Liv bare smilte: -Ja!



EIT BARN ER FØDD

Familien på åtte bur i ein skiten kjellar på niande året etter at dei flykta frå Syria til Libanon. Åtte år gamle Mohamad har alle odds mot seg.

TEKST OG FOTO: KIRKENS NØDHJELP

I det vi går inn i den nedslitne bygarden, byrjar vi å gå opp trappene, men blir fort bedne om å snu for å gå ned. Nedover og nedover. Forbi søppelrom, lagerrom og nærmare og nærmare lukta av kjellar.

Til slutt stoppar vi nedst, der det for det meste er buer, noko tøy som heng til tørk og stablar av ting ingen andre treng. Mora trekkjer ein fillete gardin til sida, og viser oss inn på eit rom med tre madrassar. Her bur dei alle saman. Mor, far og seks søsken. Her enda flukta frå Syria og draumen om eit nytt liv etter krigen.

Støtte til mor og barn

I ni år har familien kome til helsesenteret vi driv saman med partnerane våre, vi tok oss av mora då ho ikkje greidde å betale for seg på butikken. På helsesenteret har barna fått tett oppfølging, i tillegg til både vaksinar og medisinar.

– Livet er hardt, seier mora stille. Ho ønskjer å vere anonym. Slik dei bur er for skamfullt for henne å vise fram.

Helsesenteret har støtta mora gjennom fødslane, men også sytt for at dei har fått pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.

– Vi hadde ikkje greidd oss utan, seier ho.

Familien på åtte er berre ein av mange familiar som slit i Libanon no. Prisane på mat har mangedobla seg, det offentlege tenestetilbodet har kollapsa, folk har mista sparepengane sine og fattigdommen aukar fort. Kjønnbasert vald har auka med 300 prosent, og vassmangelen er enorm. Landet er også hardt råka av Ukrainakrigen. I Libanon er det no ei femdobling av bensinprisane, firedobling av prisen på matolje og firedobling av prisane på brød og sukker sidan Ukrainakrigen braut ut.

I over 20 år har Kirkens Nødhjelp drive helsesenter her, og Fady Iskandar, som er prest og samarbeidspartnar, seier at situasjonen for menneska her har forverra seg berre dei siste åra.

– Vi har ikkje sett byrjinga ein gong, problema har berre blitt større og større. Valden aukar, fattigdommen aukar og mange slit, seier han.



Kyrkja ligg rett over gata for helsestasjonen, og er syrisk ortodoks. St. Jacob er kjend for å ta imot minoritetar frå Syria, Irak og fattige frå Libanon.

– Vi vil diverre berre sjå fleire problem i framtida.

Aldri før har det vore viktigare at kyrkja og helsesenteret står saman. Kyrkja ser kven som har det ekstra tøft, og viser dei til helsesenteret, slik at dei får hjelpt der nøda er størst.

Vi skal snart feire jul og minnest den natta spedbarnet, Jesus, vart fødd inn i ei verd med konflikt, fattigdom og nød. Men sjølv om verda rundt var kaotisk, så var han trygt omringa av sine nærmaste. Mohamad er eit av dei barna som er omringa av sine nærmaste, sjølv om han vart fødd inn i den same verda som Jesus. Ei verd med konflikt, fattigdom og nød.

Oppdraget vårt er å hjelpe barn som Mohamad og liknande familiar. Saman med deg kan vi gje endå fleire barn og deira mødre, tilgang til hjelp under fødsel, vaksinar, pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.



SLIK GJEV DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE:

- **v:pps** et valgfritt beløp til 2426.
- Send GAVE på sms til 2426 og gje 300 kroner.
- Gåvekonto: 1594.22.87248.



NY KYRKJEVERJE I STRAND

Øystein Marton Lode er ny kyrkjeverje i Strand. Som kyrkjeverje er han den øvste leiaren for kyrkja i Strand, og har mellom anna ansvar for bygg, økonomi og forvaltning, personell og samarbeid inn mot kommunen.

Øystein kjem frå stillinga som vikarierende kyrkjeverje i Gildeskål sør for Bodø.

TEKST OG FOTO: MARTIN IVAR
ARNESEN, SOKNEPREST

Frå Kamerun til Nord-Norge

Øystein er misjonærbarn. Foreldra hans var misjonærar for NMS i Kamerun, og Øystein kom til Noreg som 5 åring. Interessa for misjon, å utbre evangeliet og bety noko for andre har han hatt med seg som ei arv gjennom heile livet. Trua har vore ei hovudnerve gjennom heile livet.

Etter dei første åra i Kamerun flytta familien til Stavanger. Seinare gjekk vegen vidare via lærarutdanning til lærarjobb i Bergens-området. Men Øystein er misjonær og visjonær, så vegen gjekk vidare til Nord-Norge. Han fekk jobb i NAV på Sortland. I tillegg vart han på fritida pastor i baptistkyrkja.

Øystein er eit oppkome av prosjekter og interesser. «Det bur ein ingeniør i meg» seier han. Han er nysgjerrig og kreativ. Han er teknisk interessert og har stor interesse for bil og motor og køyrer motorsykkel. Han har og drive med sal av el-syklar. Han har stor interesse av og glede

av musikk, og spelar piano. I tillegg har han stor interesse av menneske, og er opptatt av at det er viktig at alle får finne det beste i seg sjølv og bruka det i fellesskapet.

Øystein har budd 23 år i Nord-Norge, og det å få driva menighetsplantning var for han som eit misjonærkall.

Sjukdom og død

I 1990 gifta Øystein seg med Siv Elin. Saman reiste dei nordover med det dei opplevde som eit kall. Men det tok ikkje lang tid før ho fekk MS-diagnosen. Gradvis kom sjukdommen til å prega livet for dei begge. Ho levde med sjukdommen i 26 år, før ho døyde i 2018. Livet stoppa opp for Øystein. Men dei hadde gjeve kvarandre eit løfte om at dei skulle halda saman i gode og vonde dagar inntil døde skulle skilja dei. Og det løftet dei hadde gjeve kvarandre, ville dei halda. Øystein fortel at han hadde «ei kronisk tru på helbredelse!» «Undervegs var det så mange kvardagsmirakler, og håpet hadde vi heile tida», fortel Øystein. Dei siste åra måtte ho ha tilsyn heile

tida. Ho budde heime, og Øystein hadde hovudansvaret. Men dei fekk hjelp frå heimesjukepleien. «For meg vart det og ein annan måte å tena Gud på», fortel Øystein.

Vegen vidare

«Da ho døyde stoppa livet opp, og eg måtte på ein måta starta opp att på nytt».

I 2020 gifta han seg på nytt med Mona som kom frå Narvik. Ho var og lærar og i tillegg var ho den første kvinnelege pinsepastoren i Nord-Norge.

Dei flytta til Ørnes, og det var etter vikariatet som Kyrkjeverje i Gildeskål han fekk interesse for kyrkjeverje-jobben i Strand.

«No er eg tilbake i Rogaland, og gjenoppdagar barndoms- og nåtidens Stavanger», seier Øystein. Mona har fått arbeid som kyrkjelydspedagog i Hinna kyrkjelyd i Stavanger.

Glad i Jesus

«Eg er glad i Jesus og det kristne fellesskapet» fortel Øystein. Han har forventningar til og ser fram

til å får arbeida som kyrkjevevje. Formidling og forkynning har vore viktig for han. «No får eg spela på litt andre strengar i eit større fellesskap kor vi får utfylla kvarandre!»

Øystein ser ikkje på seg sjølv som ein vedlikehaldsarbeidar, men ein som liker nye prosjekter og mål. «Eg er både analytikar, visjonær og strateg. Og eg er ein lag-arbeidar som ønsker at vi skal gjera kvarandre gode. Eg elsker å sjå andre blomstre! Når menneske trivst og blomstrar, vil og kyrkjelyden blomstre».

Øystein har ei forventning om at Gud kan legge til rette for ting som er spennande. «Vi må ikkje missa frimodet til å stå for dei kristne verdiane og vera stødige i ei tid kor det er så mykje i samfunnet som vaklar. Vera lys og salt i verda».

Øystein er takksam for å få vera kyrkjevevje og leiar for kyrkjene i Strand. «Det er mange flotte medarbeidarar og imponerande god driv i arbeidet! No håper eg at eg og kan bidra til trivsel og vekst», avsluttar Øystein.



SET DU «PRIS» PÅ PREIKESTOLEN?

Preikestolen har eit opplag på 7400 blad.

I dei tre kommunane bladet kjem ut, er det 7 189 husstandar - 413 Forsand, 1246 Hjelmeland, 5530 Strand.

I tillegg kjem det i postkassane til ein del hyttefolk, og det blir sendt ut nokre blad frå kyrkjekontoret til utanbygds abonnentar.

Det er frivillig abonnement på bladet, og vi er avhengige av og takksame for dei som betalar -og for dei bedriftene som har annonsar i bladet.

I 2022 hadde Preikestolen eit underskot på kr. 60 000.

I 2017 var det 748 innbetalingar - 11% av husstandane

I 2020 var det 486 innbetalingar - 9% av husstandane

I 2023 er det til no 311 innbetalingar - 4,5% av husstandane

Dersom du set pris på bladet, er me glade for om du kan bidra til at me framleis kan gi ut Preikestolen.



v:pps TIL 105004

eller **KONTONR: 3205 30 06158**

Pris: Kr 80,- kr pr blad, eller kr. 300,- for året.

Tusen takk for støtte!

GODE JULEMINNE


«HORGARETLÅ»



TEKST: BENTE TEDNES GJIL - FOTO: PRIVAT

Eg er yngst av ein søskenflokk på fem, og det var nok mykje lyd innimellom heime hjå oss, særskilt frå oss to yngste. Mor mi kunne verkeleg fortelje gode historier frå då ho sjølv var lita, og Horgaretlå var ei trollkjerring som dukka opp før jul. Horgaretlå kasta vatn på vindaugget dersom me ungane krangla for mykje. Eg kan ennå hugsa lyden av vatn som klaska hardt utanfor, og me blei stille som mus. Horgaretlå fortalde nemleg til Nissen om me va snille før jul eller ikkje. Me forstod jo etter kvart at det slett ikkje var noko ekta «kjerring» utanfor, men likevel heldt me fast i denne fantasien lenge.

JULEGRAUT



TEKST: SERINA ORSTAD WALDELAND
FOTO: PRIVAT

Mitt beste juleminne er ein tradisjon me har hatt heime så lenge eg kan hugse. Kvar julafta samlast me heile familien på far si side heime i stova sjå oss kl. 11. Då har mor kokt graut, helst på tankmelk, til rundt 20 stk. Me som vil set oss godt til rette i sofaen framføre fjernsynet, mennene sit på kjøkken, og så ser me på Tre nøtter til Askepott mens me håpar at ei av mandlane ligg i akkurat i den skåla med graut me valte. Når prinsen har funne Askepott, då er det endeleg jul.

FRÅ SJØMANNSKYRKJA I NEW YORK



TEKST: GEIR ØY - FOTO: PRIVAT

Eg vil dele mitt ferskaste juleminne som er eit av dei beste.

I Sjømannskyrkja i New York feira eg jul med 80 andre i fjor. På buffet-bordet var alt av mat som skulle til. I ein einaste stor ring i kyrkjerommet gjekk me rundt juletreet, og nokon gjorde det for første gong sidan dei var små. Ein del kjende nok på eit snev av heimlengt, mens andre, fastbuande nordmenn og norsk-amerikanarar, var berre glade for å få feire norsk jul. For oss alle blei kvelden veldig fin. Det var samkjensle, begeistring og juleglede. No gleder me oss til årets feiring.



BYTURENE MED FJORDABÅTEN

TEKST: ODD BJØRN NÆSS - FOTO: PRIVAT



Jeg vokste opp på Heia sammen med mine 4 brødre. Dagen da familien skulle reise med fjordabåten til Stavanger for å handle julegaver til hverandre, var en stor begivenhet.

Vi guttene forhandlet i flere dager om hva vi ønsket oss og hvor langt vi kunne strekke oss. Vi var spesielt snille i tiden før byturen, slik at pappa var raus når han delte ut lommepenger.

Denne morgenen måtte vi tidlig opp, for reisen tok hele dagen. Pappa melket alle 4 kyrne - og mamma presset bukser og strøk hvite skjorter. I dagligstua var det fellesvask med vaskevannsfat rundt på bordet.

Deretter gikk turen ned til Solbakk-kaien på traktoren, en rød 12 hk Hanomag. Pappa hadde montert en planke bakpå som vi guttene satt på, og planken var forholdsvis stabil bare vi satt rolig. Vi gikk ombord i båten på Solbakk og reisen fortsatte ut fjorden. Dersom vi kom helskinnet forbi Lindøy, bar det videre til handlegata Østervåg og årets julegavehandel. Hva vi kjøpte var hemmelig og måtte ikke røpes.

BARNDOMSMINNE FRÅ HAUKALID

TEKST: MARTA THU - FOTO: PRIVAT



Innerst ved Haukalivatnet ligg det tri gardar. Året kan ha vore 1949, då eg var fire år. Det var kaldt og mykje snø. Me skulle på juletefesten til sundagsskulen, som alltid var 4. juledag. Skyss fekk me med naboen vår, Gunnar, som køyrde med hest og slede. Eg hadde fått far sine lange spøta-knesokkar over sko, legger og lår. Sleden vart fullpakka med born, foreldre og tepper. Køyreturen var ned langs vatnet og ca. 6 km til bedehuset. Hugsar stemninga då me runda Steinberg, månen lyste, det knitra under meiane, ein hund ulte ein stad.....

I bedehusgangen blanda lukt av kaffi og bjørkeved seg. Eg var «opp i under» over det store, pynta juletreet midt på golvet, i for meg- den «store» bedehus-salen. Og ikkje forgløyma matpausen i ein heller kald kjellarsal, med varm kakao og pose med wienerbrød, julabrød og ein ess. Godt minne å tenka tilbake på.

ANNE-BERIT

OG KORET



FOTO: PRIVAT

I 2024 er det 40 år sidan Anne-Berit Rinde Bjelland begynte i sin fyrste jobb etter studiane, som organist og kyrkjemusikar i Hjelmeland prestegjeld og denne hausten runda Hjelmeland kyrkjekor 25 år!

TEKST: HALDIS KARINE NILSEN

Anne-Berit kjem frå ein familie med mykje song og musikkglede. Familien budde nær den gamle steinkyrkja på Vereide, også kalla «Nordfjordkatedralen». Då broren begynte å spela orgel «på skikkeleg», så hang Anne-Berit seg på. Dermed vart det etter kvart to fullbefarne kyrkjemusikarar i familien! Broren fekk organistjobb heime i Nordfjord, medan Anne-Berit hamna i Hjelmeland.

Mykje har endra seg sidan ho starta som fersk 24-åring til i dag, både med omsyn til oppgåver, tilrettelegging og miljøet rundt. I dag har ho fast kontor, og er omgitt av kvinner i alle roller. I

1984 var orgelgalleriet «kontoret», med unntak av dei gongene ho var på besøk på prestekontoret i den gamle prestebustaden like over vegen for kyrkja. Der var ho einaste kvinne i ei mannsdominert forsamling.

Tøff start

Med undervisning på el-orgel i «porteføljen», manglande pedagogisk utdanning og mykje ettermiddags- og kveldsarbeid, var det så vidt båten bar. Men ho vart verande; lærte mykje, tok tilleggsutdanning i songpedagogikk, og fann ein ektemann frå bygda. Dei som trudde at den unge dama frå Nordfjord skulle representera eit kort besøk i prestegjeldet, tok feil. Heldigvis for Hjelmeland. I dag er det litt «nye» oppgåver



FOTO: MYKHAILO BABLEIN

for kantoren, som babysong og anna trusopplæringsarbeid, men hovedvekta i arbeidet ligg på «vanleg» organistverksemd tilknytt gudstenester, gravferder, vigslar og anna kyrkjemusikalsk arbeid. Ho har eit eige kyrkjemusikalsk utval til å hjelpa seg med det siste.

Kyrkjekoret

Kyrkjekoret vart etablert i oktober 1998, men var ikkje det fyrste og einaste koret i Hjelmeland. Då Anne-Berit kom til bygda, «arva» ho «Godt nytt» som var eit kor tidlegare organist Knut Sellevold hadde vore involvert i. Då «Godt nytt» vart oppløyst på starten av nittitalet, vart det gjort forsøk med familiekor utan at dette førte til noko varig. Eit forsøk på å etablere eit kyrkjekor i 1992 ga ei

oppslutning på tre personar. Det var for snau grunnlag.

- Det var nok kyrkjeverje Sven Foldøy og prestevikar og organist Ole Helland som var litt pådrivarar for å prøva på nytt att, seier Anne-Berit og legg til at begge var gode tenorar og dermed var ein god start på eit nytt kor. – Me gjorde litt «research» i forkant av etableringa, og fant ut at det var grunnlag for å prøva, legg ho til. Og i oktober 1998 sette dei i gong å øva på julesongar til fyrste opptreden: «Vi syng jula inn» fjerde søndagen i advent i Hjelmelandskyrkja. Og sidan har dei helde på – i 25 år.

Kor for bygd og kyrkje

Kantor Anne-Berit Rinde Bjelland har vore dirigent i alle år, og ser

fram til tysdagskveldane med øving og kaffi på bedehuset. – Me har lagt vinn på å vera eit kor for heile prestegjeldet, seier Anne-Berit. Sjølv om øvingane er på Hjelmeland, drar dei rundt på gudstenester, konsertar, basarar og andre arrangement rundt om i heile kommunen. Ja, av og til også ut av kommunen! – Det lengste me har vore trur eg er til Jondal, seier Anne-Berit og legg til at det var ein veldig kjekk tur. Elles har dei vore på Finnøy, i byen, på Bryne, Jørpeland og i Suldal. Kjekt å koma seg litt rundt og prøve litt forskjellig, forstår me, både i og utanfor kyrkjeleg samanheng. Men det er kyrkja og gudstenesta som er den viktigaste arenaen. – Det er her me er heime, seier dirigenten med ein god smil. I vår var dei med og



FOTO: MYKHAILO BABLEIN

laga konfirmasjonsgudstenesta i Jøsenfjorden - med ein konfirmant – til ei minneverdig oppleving for alle som var med. Det var kjekt å lesa takke-innlegg i Preikestolen etterpå.

Kor med omsorg

Som «musikk-proff» veit Anne-Berit at ikkje alle syng like reint. Men alle er velkomne i kyrkjekoret. Det sosiale og musikalske går hand i hand, og ho legg vekt på at koret også har ei diakonal oppgåve:

– Me skal ta vare på kvarandre, og dei som er med skal oppleva koret vårt som ein god møteplass. Dermed er det ikkje berre noteark å finna på øvingane. God pause med kaffi og te pluss litt frukt eller bakst gjer susen. Styret er med og organiserer. Pausane er nok ein av grunnane til at dei ikkje øver

i kyrkja kvar gong; det er godt å kunne setja seg ned i litt andre stolar enn benkeradene, og å kunne slå seg ned i sofaen for å ta ein liten prat. Men Anne-Berit legg også vekt på at dei som er med i koret utfører viktig friviljug arbeid i kyrkjelydane. – Dei er og med på andre arrangement og gjer det fint og triveleg for fleire! Det er ei stor og viktig oppgåve!

Rom for fleire

Ho legg også til at der er rom for fleire i kyrkjekoret. I dag er dei 21 medlemmer mellom 19 og 80. Hovudtyngda er i gruppa 60+, så særleg litt større tilsig frå den yngre garde hadde gjort seg. –Det er berre å ta kontakt viss du vil vera med oss, det er ikkje nødvendig å venta til sesongstart neste haust, understrekar Anne-Berit.

Sjolv om gleda ved det å synga



FOTO: CATHRINE SANDHÅLAND

og vera i lag vert vektlagd, så er det jo kjekt når det også kling ekstra fint. I fjor haust hadde koret besøk av «St Svithun Choralis» i Stavanger med tidlegare domkantor Arne Hadland i spissen. –Då han skrøyte av kyrkjekoret i etterkant av konserten, ikkje minst bassane, så vart me jo litt stolte, vedgår Anne Berit. –Me skal lyfte kvarandre opp, både sosialt og musikalsk, konstaterer ho.



VERDENS LENGSTE NATT!

Et juleminne fra ei lita jente.

TEKST: YVONNE LANGELAND MELTVEIT
FOTO: PRIVAT

Verdens lengste natt

Det er helt stille i huset. Plutselig høres noen skritt i gangen. Jeg holder pusten med dyna nesten helt over hodet. Bare øynene synes, men de er lukket. Nesten helt igjen. For jeg sover jo. Jeg later i det minste som om jeg sover. Døra går opp og det sterke lyset fra gangen flommer inn. Jeg hører rasling og litt knitring. Det er julenissen. Vel, jeg ser jo med halvåpne øyner at det er mor, men det er julenissen på liksom. Mor putter godterier i sokken som henger ved fotenden. Lillesøster sover i senga under meg. Eller kanskje hun også later som. Uansett, vi er musestille. Det er natt til julaften, verdens lengste natt! Det blir liksom aldri morgen. Timene går...

Luke nummer 24

Endelig, nå er det vel morgen? Eller? Det er lyd fra senga under meg. Sammen bestemmer vi oss for at det nok er morgen. Vi står opp, tar spent med oss julesokken. Hva er oppi den i år? Forventningsfulle lister vi oss inn i stua. Juletreet står så fint pyntet, det greier vi å skimte i mørket. For det er fremdeles mørkt ute. Vi går inn på kjøkkenet. Slår på lyset. På veggen henger kalendrene våres. Min nesten opp under taket. Noen små fingrer har nemlig forsynt seg av min kalender også. Vi åpner siste kalenderluke. Nummer 24. Luken er litt større enn de andre. Det er en julenisse. Sjokoladejulenisse. Det må være den beste sjokoladen i verden. Ingen sjokolade smaker som den. For den er spesiell og smaker jul.

Tre nøtter til Askepott

Jeg har lært meg klokka og ser

